

BACHELORSTUDIUM I SKODESPELARFAG

OPPTAK TIL STUDIEÅRET 2019/2020

OBLIGATORISK SØKNADSVEDLEGG

Søknadsfrist: 17. desember 2018 kl. 23:59

Fyll ut vedlegget elektronisk, lagre det som «BASF2019-soknadsvedlegg.pdf» og last det opp i SøknadsWeb:
<https://fsweb.no/soknadsweb/login.seam?inst=khio>

Ver vennleg og les søknadsretteinga på side 3 og 4 grundig før du fyller ut dette søknadsvedlegget.

Personopplysningar

Etternamn	Fornamn (og mellomnamn)	6-sifra søkjarnummer*
-----------	-------------------------	-----------------------

*Søkjarnummer finn du i e-postkvitteinga du får etter å ha registrert deg på SøknadsWeb

Norskkunnskapar (sjå rettleiing på side 3)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltek du på norskkurs for tida, eller kan du dokumentere norskkompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

Engelskkunnskapar (sjå rettleiing på side 3)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltek du på engelskkurs for tida, eller kan du dokumentere engelskkompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

Tidlegare utdanning

Grad/utdanning	Lærestad	Tidsrom (årstart – år slutt)
Grad/utdanning	Lærestad	Tidsrom (årstart – år slutt)
Praksis		

Har du søkt Kunsthøgskolen i Oslo tidlegare, gi opp år og studium:

--

Generell studiekompetanse (GSK, sjå detaljar på side 3) – set kryss

Eg har GSK og har lasta opp skanna vitnemål	Eg har ikkje GSK, men vil søkje likevel	Eg oppnår GSK i søknadsåret
---	---	-----------------------------

Om val av monolog

Du treng ikkje gi opp i søknadsvedlegget kva for monologar du skal vise i 1. og 2. opptaksprøve. Saman med innkallinga til 1. opptaksprøve får du eit skjema der du skal gi opp kva for ein monolog du skal vise, og grunngiving for val av tekst. På opptaksprøvedagen skal du ta med ei utskrift av dette saman med ei utskrift av monologen du har valt. Det same gjeld for kandidatar som går vidare til 2. opptaksprøve.

Hugs å fyller ut grunngiving for søknad (motivasjonsbrev) og sjekklister på neste side.

Motivasjonsbrev

Motivasjonsbrevet må fyllast ut for at søknaden skal vere gyldig. I motivasjonsbrevet bør du grunngi kvifor du vil studere ved Teaterhøgskolen, kva som gjer deg til ein veileigna kandidat for studiet, og kva for mål/ambisjonar du har for yrkeskarrieren din som skodespelar.

I tillegg til å laste opp utfylt søknadsvedlegg i SøknadsWeb skal du:

- laste opp vedlegga i sjekklista innan søknadsfristen
- fyller ut og ta med utskrift av skjema for val av monolog. Skjemaet får du tilsendt saman med innkalling til opptaksprøve. I tillegg skal du ta med utskrift av monolog.

Sjekkliste: Eg har lasta opp desse dokumenta i SøknadsWeb (set kryss)

Kryss av	Dokument	Filnamn	Format	Dokumentkategori i SøknadsWeb
<input type="checkbox"/>	Utfylt søknadsvedlegg for 2019 (dette dokumentet)	<i>BASF2019-soknadsvedlegg.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
<input type="checkbox"/>	Dokumentasjon av GSK (sjå forklaring på side 3–4)	<i>Vitnemål-GSK.pdf</i>	PDF	<i>Vitnemål/ karakterutskrift</i>
<input type="checkbox"/>	Dokumentasjon av norskkunnskapar	<i>Norsk.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
<input type="checkbox"/>	Dokumentasjon av engelskkunnskapar	<i>Engelsk.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
<input type="checkbox"/>	Eit representativt portrettbilde av deg sjølv*	<i>Portrett.jpg</i>	JPEG	<i>Andre dokument</i>

* Nærbilde der ansiktet dekkjer mesteparten av portrettbildet.

SØKNADSRETLEIING

For å søkje på studiet må du registrere deg på nettportalen SøknadsWeb:

<http://khio.no/intranett/for-studenter/studieinformasjon/veiledning-til-soknadsweb>

Opptakskrav

For å bli teken opp til studiet må du ha generell studiekompetanse og beståtte opptaksprøvar. Unntak frå krav om generell studiekompetanse gjeld for søkjarar som kan vise til spesielle faglege kvalifikasjonar. Opptaket skjer gjennom juryering ved opptaksprøvar. Årleg blir det oppnemnt nye opptakskomitear som skal bestå av både interne og eksterne medlemmer. Vi ønskjer kandidatar som viser fantasi, uttrykksbehov, motivasjon og scenisk utstråling. Kandidatane skal meistre norsk/skandinavisk språk.

Norskkunnskapar

Undervisninga er normalt på norsk. Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn (bachelorgrad, vidaregåande skule eller grunnskule) frå nordiske land, treng *ikkje* leggje fram ytterlegare dokumentasjon på norsk språkkompetanse.

Søkjarar med utdanningsbakgrunn utanfor Norden må dokumentere at dei meistrar norsk.

Språkkunnskapar i norsk kan dokumenterast med Bergenstesten, <http://www.folkeuniversitetet.no/>, eller med norsk for utlendingar frå universiteta. Det blir òg gitt høve til å dokumentere norskkompetanse på annan måte enn det som er nemnt over.

Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp på side 1.

Engelskkunnskapar

Det er ein føresetnad at søkjarar meistrar engelsk. Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn frå nordiske land – eller frå engelskspråklege land –, treng *ikkje* leggje fram ytterlegare dokumentasjon på engelsk språkkompetanse.

Språkkunnskapar i engelsk kan dokumenterast med f.eks. IELTS, <http://www.ielts.org/>, eller TOEFL, <http://www.ets.org/toefl>.

Det blir òg gitt høve til å dokumentere engelskkunnskapar på annan måte enn det som er nemnt over.

Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp på side 1.

Om generell studiekompetanse (GSK)

Det er krav om generell studiekompetanse (GSK), og dette skal dokumenterast med skanna vitnemål frå vidaregåande skule. Du lastar dette opp i SøknadsWeb under *Mine dokument*. Dokumentet må vere ein PDF og må heite «Vitnemål GSK.pdf».

Søkjarar som avsluttar 3-årig vidaregåande opplæring i 2019, ettersenderkopi av vitnemål innan 1. juli.

Har du ikkje GSK, kan du søkje likevel, sidan det i forskrifta for Kunsthøgskolen blir opna for å gjere unntak for søkjarar som gjennom opptaksprøven viser spesielle faglege kvalifikasjonar. Opptakskomiteen vil vurdere om det er mogleg å gjere unntak for kandidatar utan GSK som kjem vidare til 3. prøve.

Dokumentopplasting

For at søknaden skal vere fullstendig, er kravet at du lastar opp eit sett med dokument. Last desse opp under *Mine dokumenter* i SøknadsWeb. Sjå detaljar i sjekklista på side to og i rettleiinga på side tre.

Når du lastar opp dokument, blir du bedd om gi opp frå-dato og til-dato. Dette er først og fremst meint for utdanning. Når det gjeld andre dokument, for eksempel det obligatoriske søknadsvedlegget, kan du setje datoen då fila sist vart endra. Det er berre frå-datoen som er obligatorisk, dette er markert med ei raud stjerne. Obs: Datoen må vere eldre enn dagens dato.

Du kan logge deg på fleire gonger og leggje til ny informasjon og laste opp nye dokument heilt fram til og med søknadsfrist-datoen kl. 23:59. Når søknadsfristen har gått ut, kan du ikkje lenger endre noko i søknaden din.

Obs! På grunn av potensiell ustabilitet i alle typar nettenester ber vi deg laste opp dokumenta dine så fort du har moglegheit, ikkje vent til nokre timar eller minutt før fristen går ut. Skulle SøknadsWeb vere nede på eit tidspunkt, prøv igjen om ei stund.

Erklæring

I det du søker, erklærer du samtidig at all informasjon som du har registrert, er korrekt, og at dokumenterte arbeid og andre dokument er dine egne. Vidare erklærer du at e-postadressa som du har oppgitt på SøknadsWeb, blir lesen av deg. Du er ansvarleg for å lese det som blir sendt av opptaksinformasjon frå Kunsthøgskolen i Oslo til denne e-postadressa.

Kvittering på e-post

Sjekk at du får ein kvitteringsmail til e-postadressa du gav opp, og les denne grundig. Her finn du søkjarnummeret, som skal førast på det obligatoriske søknadsvedlegget. Dersom du ikkje får kvitteringsmail, har søknaden truleg ikkje blitt registrert i datasystemet vårt. Prøv i så fall på nytt.

OPPTAKSPRØVANE

Opptaksprøvene blir gjennomførte i tre rundar. Du må bestå alle tre rundane for å få tilbod om studieplass. Opptaksprøvene er i Oslo, men du kan velje å ta 1. opptaksprøve ved Hålogaland teater i Tromsø.

Tidspunkt:

- 1. opptaksprøve: 4.–15. februar 2019 (normalt *ikkje* laurdag/søndag) i Oslo eller laurdag 9. februar i Tromsø. Du får innkalling til ein dag i opptaksprøveperioden, men må vere tilgjengeleg for innkalling i heile perioden.
- 2. opptaksprøve: 7.–12. april 2019. Kandidatar som går vidare frå 1. prøve, får innkalling til ein dag i opptaksprøveperioden, men må vere tilgjengelege for innkalling i heile perioden.
- 3. opptaksprøve: 10.–22. juni 2019. Kandidatar som går vidare frå 2. prøve, må vere tilgjengelege alle dagane.

Du vil bli bedd om å levere ei skriftleg grunngiving for val av monolog til 1. og 2. opptaksprøve. Grunngivinga fyller du ut i eit skjema som du får saman med innkallinga. Skjemaet skal leverast på papir til opptakskomiteen på opptaksprøvedagen, saman med ei utskrift av monologen.

I 1. opptaksprøve skal du framføre ein sjølvvald monolog. Framføringa kan ikkje vare lenger enn fire minutt. Monologen skal framførast på norsk eller eit anna skandinavisk språk (*ikkje* engelsk). Du kan velje eit utdrag frå eit skodespel eller anna materiale som eignar seg for scenisk framføring. Det blir forventa at du kan monologen utanåt. Uansett kva for materiale du vel, bør du i arbeidet med rolla bestemme deg for kva slags person du framstiller, og kva situasjon personen er i.

I 2. opptaksprøve skal du framføre ein sjølvvald monolog på maks fem minutt. Du må velje ein annan monolog enn den du viste i 1. prøve. Utanom dette gjeld dei same kriteria for val av monolog som i 1. opptaksprøve. Etter at du har vist monologen i 2. opptaksprøve, kan komiteen bestemme seg for å gi deg ulike sceniske oppgåver.

3. opptaksprøve går over to veker og består av fleire prøvar/aktivitetar, både individuelt og i grupper (rolleprøve, -instruksjon, rørsle, stemme, song o.a.). Du blir bedd om å velje to roller frå eit utval med utdrag som du får tilsendt i framkant av opptaksprøven. I tillegg blir kandidatane tildelte gruppeoppgåver som skal løysast undervegs i opptaksprøveperioden. I 3. opptaksprøve er det også samtale/intervju.

Har du spørsmål, kan du kontakte postmottak@khio.no

Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Facebook: <https://www.facebook.com/KunsthogskoleniOslo>

Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Twitter: <https://twitter.com/khiotweet>